

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 09.09.2016

Oda Mo Eikefet presiserte at Hordaland Ungdommens fylkesutval må verte meir aktiv i sosiale medier. **Martin Jonsterhaug** la til at ein og gjerne kan skrive lesarinlegg og at ein bør bli betre på å bruke media aktivt.

Ungdommens fylkesutval ynskjer å delta på andre fylkesting sine møter.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vil sende medlemmer til Ungdommens fylkesting i andre fylker, har kome fram til å sende UFUmedlemmer til:

28-29. oktober, Akershus: Nora og Maud.

28-30. oktober, UBM (Oslo): Randi og Silje.

29-31. oktober, Norland: Sunniva og Martin.

13-14. november, Nord-Trøndelag: Fredrik og Jonatan.

18-20. november, Nettverkssamling Sogn og fjordane: Oda og Håkon.

Diskusjon om arbeidsutval for nasjonalt medverknadsorgan for ungdom og Hordaland

Ungdommens fylkesutval si stilling i ANMU: arbeidsutval for oppretting av nasjonalt medverknadsorgan for ungdom.

Vegard Tobias Kvalheim Kleppe orienterer om prosessen med å starte opp eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Medlemmar av ungdommens fylkesutval stiller seg kritiske til at prosessen er dårleg dokumentert, og lurar på kva framgang arbeidsutvalet har.

Oda Mo Eikefet kjem med følgjande forslag:

«Ungdommens fylkesutval vedtek å vurdere Hordaland ungdommens fylkesutval si deltaking i dette arbeidsutvalet, etter at ANMU sitt neste møte.»

Røysting

Oda Mo Eikefet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å vurdere Hordaland ungdommens fylkesutval si deltaking i dette arbeidsutvalet, etter at ANMU sitt neste møte.